

MØTEBOK HALLINGTINGET
TID: 23. - 24. april 2026
STAD: Tanken Arena - Ål
Desse møtte på Hallingtinget:

<u>Hol kommune</u> Sigrid Simensen Ilsøy Sissel Hovland Hanne Haatuft	<u>Hemsedal kommune</u> Pål Rørby Janne Merete Brøndbo Norunn Rivedal Inge Berthram Wahl Hege Austheim Jacobsen
<u>Ål kommune</u> Jørund Li Lene Prestegard Dagfinn Bøygard Torild Helling Bergaplass Solveig Løkensgard Arnegard	<u>Nesbyen kommune</u> Anne Kari Eriksen Kristian Noreng Geir Olav Garthus Anne Marie Kollhus Øyvind Frekeplass (dag 2)
<u>Gol kommune</u> Heidi Granli Tom Rune S Blakkestad Leif Norhaug Jan Kattenberg Kristin Bakke Haugen	<u>Flå kommune</u> Merete Høntorp Gandrud Tor Egil Buøen Karen Johanne Gulsvik Kristin Gullingsrud Steinar Steinarson

Frå Kommunedirektørutvalet møte:

Karsten Popp Dideriksen	Ål kommune,
Hege Mørk	Gol kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Ole Johnny Stavn	Hol kommune

Frå Buskerud fylkeskommune møte:

Iselin Haugo Stavn	(H)
Hans Petter de Fine	(R)

Frå Regionrådsadministrasjonen møte

Jan Olav Helling	Dagleg leiar
Maria Grevsgård	Regionalutviklar
Guro Flatland Veslehaug	Klimakoordinator

Sak 01/25 Godkjenning av møteprotokoll 30. – 31. oktober 2025**Vedtak:**

Møteprotokoll frå Hallingtinget 30. - 31. oktober er godkjent

Sak 02/26 Helsesamarbeidet i Hallingdal.

Hallingtinget fekk ein god og omfattande presentasjon frå lokal og regional leiing med høve til å stille spørsmål. Deretter fekk alle ei omvising på Hallingdal sjukestugu. Hallingtinget drøfta status for HSS i høve til framtidig utviklingsbehov, behovet for ein kommunikasjonsstrategi internt, eksternt og til innbyggjarane - samt vegen vidare for HSS som ein del at det totale helsetilbodet i Hallingdal.

Vedtak:

Hallingtinget gir tilslutning til vidare arbeid beståande i:

1. Hallingdal Sjukestugu – remerking til “Nærsjukehuset i Hallingdal”
2. Utviklingsarbeid - korleis utnytte potensialet i HSS og korleis skal ein møte kommunane sine noverande og framtidige behov
3. Prioritere ein ny kommunikasjons- og informasjonsstrategi der me kommuniserer kva HSS er til myndigheiter, alle politiske og administrative nivå i kommunane samt til innbyggjarane
4. Økonomi - korleis sørger me for ein modell for framtida

Sak 03/26 Status/gjennomgang av handlingsplanen til Regionplan for Hallingdal

Hallingtinget fekk presentert status på handlingsprogrammet.

Kommunane presenterte deretter følgande:

3 tiltak i Handlingsprogrammet dei vil prioritere

3 tiltak dei vil nedprioritere/kutte

3 tiltak som må spesifiserast

Dei tiltaka som flest var einige i at må prioriterast var:

1.2.1 – Arbeide vidare med etablering av investeringsfond for lokale vekstbedrifter

3.1.1 – Arbeide for finansiering og oppstart av vegpakke Hallingdal i tråd med NTP

2.5.1 – Vidareføre traineeordninga i Hallingdal både i næringsliv og i det offentlege

6.3.6 – Styrke det regionale beredskapssamarbeidet

I dei andre kategoriane var det relativt stort sprik.

Deretter vart Hallingtinget utfordra på tre tema: Næringsutvikling, helsesamarbeidet og andre regionale samarbeidstiltak:

1. NÆRINGSUTVIKLING

1. Korleis kan kommunane i Hallingdal organisere ei felles satsing på regional næringsutvikling, slik at ein får reell kraftsamling, brei deltaking og større effekt for næringslivet i heile dalen?
2. Kva tiltak kan vera aktuelle?

Her er eit kort samanstilling av svara frå eit fleirtal av gruppene på Hallingtinget

- Vidareføring av omstillingsprogrammet “Sats på Hallingdal” gjennom “Sats på Hallingdal 2.0”. Det bør jobbast vidare med eit regionalt nærings- og utviklingsfond for Hallingdal og finansiering av dette.
- Prioritere større regionale utviklingsprosjekt og kompetansearbeidsplassar
- Styrke verkemiddelapparatet i Hallingdal og gje Næringshagen ei tydelegare regional rolle
- Halde fram med ei regional traineeordning som rekrutterings- og kompetansetiltak

2. ORGANISERING AV HELSE OG OMSORG

Skal Hallingdal utvikle omsorgstenestene som i dag eller er tida inne for å vurdere meir forpliktande regionalt samarbeid?

1. Trengs det eit felles kunnskapsgrunnlag eller har me tilstrekkeleg kunnskap?
2. Bør ein prioritere enkelte tenester framfor andre

Her er eit kort samanstilling av svara frå eit fleirtal av gruppene på Hallingtinget

- Det er behov for eit betre kunnskapsgrunnlag, spesielt knytt til utgifter og bruk av helsetenestene.
- Det kan vere behov for eit sterkare regionalt samarbeid innan helse og omsorg
- Det kan vera aktuelt å tenkje *Hallingdal helseregion*, men me veit for lite om det og usikkert om det er «stemning for dette politisk.
- Pasientgrupper som bør prioriterast:
 - Dei tyngste personane med demens og unge/yrkesaktive med alvorleg sjukdom
 - Kombinasjonen demens og psykiatri
- Styrke førebyggjande arbeid, særleg innan:
 - Utanforskap
 - Rus og psykiatri
- Ta i bruk velferdsteknologi tidlegare – før brukarane blir for dårlege

3. ANDRE REGIONALE SAMARBEID

Regionplanen tar for seg tiltak som Hallingdal er einige om å samarbeide om. Det har vorte stilt spørsmål ved om ein skulle ha gjort endringar på fleire av samarbeidstiltaka i planen.

Her er eit kort samanstilling av svara frå eit fleirtal av gruppene på Hallingtinget

Kultur

- Store skilnader i kulturskuletilbodet → behov for forpliktande regionalt samarbeid
- Kombinere desentraliserte tilbod med nokre regionale samlingstilbod
- Lærarar må jobbe på tvers av kommunar → vurdere koordinator- eller vertskommuneløysing
- Mål: likeverdige kulturskuletilbod i Hallingdal

Bu- og bilyst

- Hallingdal er i praksis ein felles bu- og arbeidsregion
- Behov for regional og samordna rekruttering (NAV, stillingsutlysingar, opne søknader)
- Vurdere felles mottak/servicepunkt for tilflyttarar

Klima og miljø

- Felles regional ROS-analyse er rett nivå
- Vidare samarbeid etter ROS, særleg knytt til vassdrag

Konkrete avklaringar gjort i møtet:

1. Fylkesdistriktssenter

Nesbyen tek initiativ og jobbar vidare med dette saman med Regionrådet. Full tilslutning frå reisten av regionen til dette.

2. Helseregion Hallingdal

Her var Hallingtinget interessert, men treng meir informasjon før ein ev. kan ta ei avgjerd.

3. Helsetenester for demente

Dette er Hallingtinget positive til og ein gav tilslutning til at det fyrst skal sjekkast ut om Nesbyen ynskjer å ta opp att tråden her frå førre gong.

Det vart også lyfta fram eit anna eksempel på ein spesialisert teneste som reisten av Hallingdal kan få tilgang på og det var tilbodet til autistar i Hemsedal.

Vedtak:

Hallingtinget ga tilslutning til å samle og samanstille innspela som kom og desse skal presenterast for regionrådet for behandling og haustens Hallingting.

Sak 04/26 Strengare utsleppskrav og ønskje om vekst – Er det mogeleg?

Hallingdal står overfor felles utfordringar i framtidig utvikling, særleg knytt til utslepp og belastning som kan påverke Krøderen. Det blir er vanskeleg å få løyve til nye tiltak som kan forverre vassmiljøet eller hindre måloppnåing. Hallingdal må difor samordne seg om ein felles strategi for utslepp og tiltak.

Hallingtinget fekk informasjon om utfordringsbilete v/Knut Martin Karlsen og Glenn Arvid Valstad/KAV Hallingdal, sjå vedlagte presentasjon.

Vidare gav Heidi og Jørund ein politisk status kring situasjonen før det vart presentert forslag til mogeleg strategi for å løyse utfordringa v/Hallingdal berekraft og KAV

Vedtak:

1. Hallingtinget sluttar seg til ei regional og systematisk tilnærming der målet er å oppretthalde utvikling i Hallingdal samstundes med at ein jobbar for å nå miljømåla for Krøderen.
2. Hallingtinget ber Regionrådet for Hallingdal sette ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe med utfordringane i forbindelse med utslepp i vassområdet.

Sak 05/26 Rekneskap 2025**Vedtak:**

Hallingtinget godkjenner rekneskapen til Regionrådet for Hallingdal for 2025. Meirforbruket på kr. 388 144,00 blir dekket av disposisjonsfondet.

Sak 06/26 Årsmelding 2025**Vedtak:**

Hallingtinget godkjenner årsmeldinga for 2025.

Sak 07/26 Info frå Forum nye Bergensbanen og Samferdselsutvalet v/Miriam Louise Seim og Petter Rukke

Ny strategisk rådgjevar gav informasjon om status for arbeidet i forumet og nyleg framlagt fjerntogstrategi, sjå presentasjon.

Leiar av samferdselsutvalet gav ein status på arbeidet i utvalet.

Sak 08/26 Innspelsmøte med samferdselsavdelinga i Fylkeskommunen

Fylkeskommunen skulle vore tilstades, men måtte avlyse på kort varsel. Hallingtinget gav likevel innspel i saka. Dette vil bli sendt til Fylkeskommunen

Innspel til Nasjonal transportplan 2029-2040:

Hallingtinget var einige om dei same prioriteringane som ved førre NTP

1. Ringeriksbanen og E16 frå Skaret – Hønefoss
2. RV7 Strekningen Ørgenvika- Kittilsivik
3. Strekningsvis utbetring Rv7 gjennom Hallingdal og Rv 52 til fylkesgrensene
4. Dyranuttunnell RV7 Hardangervidda

Innspel til Fylkeskommunens arbeid på samferdselsområdet i 2026, bl.a. oppfølging av handlingsprogrammet for samferdsel 2022-2025.

Hallingtinget var einige om dei at uttala frå 2024 var dekkande når det gjeldt bane, kollektiv og det som står om veg, gangveg og trafikktryggleik.

Nye punkt som ein ønskjer å ha inn

- Rukkedalsvegen og trafikktryggleik (Nesflata - Eidal)
- Stasjonsbrua på Ål - trafikktryggleik (ny gang/sykkelfelt)
- Det bør inn eit punkt om at det er fleire strekningar på fylkesvegar der det er ynskje om gangvegar, mellom anna i Gol.
- Ansvar for drift og vedlikehald av alle gangvegar langs fylkeskommunale vegar bør bli fylkeskommunale, slik Statens vegvesen har ansvar for både riksveg og tilhøyrande gangvegar.
- Utvikling med tiltak for Gol stasjon som knutepunktstasjon

Justeringar i rutetilbodet for fylkeskommunal kollektivtrafikk.

- Kan me vurdere drosje for buss? Innlandet FK
- Erfaringar og vidareføring av NaboGo

Sak 09/26 Evaluering av politiråd**Vedtak:****Referatet frå evalueringsmøte politiråd var tatt til orientering****Sak 10/26 Eventuelt**

Spørsmålet om eit kunnskapsgrunnlag kring kommunesamanslåing vart lyfta men det var tydeleg sprik i forsamlinga om ein skulle nytte tid og ressursar til dette.

Hallingdal, 4. mai 2026
for rådsordførar